



Kløvheim barnehage
Mykingvegen 642
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4219 - 16/33024

Saksbehandlar:
Jorunn Nøttveit Moen
JNO@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2016

Vedtak om kommunalt tilskot 2016 - etter klagebehandling

Fylkesmannen i Hordaland har i vedtak av 21.10.2016 oppheva tidligare vedtak om tilskot til private barnehagar for 2016.

Lindås kommune fattar med dette nytt vedtak og har gjort følgjande endringar i forhold til tidlegare vedtak:

- Bruk og avsetningar til fond er halde utanfor grunnlaget for utrekning av sats
- Tilskotsmidlar motteke i 2014, som i hovudsak er midlar for øvingslærer, er tatt med i grunnlaget. Midlane er utbetalt til tilsette som er øvingslærer.
- Bruken av premiefond i 2014 på 173 878 kr er tatt med i fråtrekket for faktisk pensjon og arbeidsgivaravgift på pensjon ved utrekning av ordinære driftsutgifter.

Reknearket som viser dokumentasjon av sats vil bli tilsendt på e-post.

Tilskotet for barnehagen etter ny utrekning blir:

	Sats	Tilskot 2016
Små barn (0-2 år)	180 400	1 984 400
Store barn (3-6 år)	85 855	1 343 154
Sum driftstilskot		3 327 554
Kapitaltilskot (staten sin sats)	8 800	234 471
Sum tilskot		3 562 025

Etter avrekning vil de få følgjande utbetalt i løpet av veke 49:

	Tilskot 2016
Samla tilskot 2016 etter nytt vedtak	3 562 025
Utbetalt tilskot 2016	-3 509 092
Rest til utbetaling	52 933



Barnehageeigar kan klage på vedtaket. Dersom du vil klage er fristen tre veker frå du mottok vedtaket. Klagen må innehalde kva endringer du ønskjer og den bør vere skriftleg. Du bør og begrunne klagen. Klagen sender du til kommunen. Dersom vi ikkje er einig i klagen din og ikkje omgjer vedtaket fullt ut, vil vi sende klagen til Fylkesmannen i Hordaland, som er endeleg klageinstans jf. forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager jf. barnehagelova § 14, jf. § 9 a.

Frist for å klage på eit enkeltvedtak er bestemt i forvaltningslova § 29. Reglane for å sjå dokument i saka finn du i forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kløvheim barnehage

Mykingvegen 642 5913

EIKANGERVÅG